

Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 · 2023
94. årgang



God jol!

Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

VIPPS nr: 650484

Opningstider

Tys/ons/tor 09–13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Kyrkjevevje
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Assisterande kyrkjevevje
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no
Sluttar 1.1.2024

Kjetil Bergheim, Kantor
918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Ingunn Liseter, Diakon
976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no
Sluttar 1.1.2024

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Kristian Espeland | 908 77 604
kristian@telerevisjon.no

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Immanuel – Gud med oss!

Jula er tida då me samlar oss rundt den store forteljinga om då Jesus vart fødd. Denne forteljinga er skildra fleire stader i Det nye testamentet. Den mest kjente står i Lukasevangeliet. Det er den me les på Julaften. Her høyrer me om Maria og Josef. Om herberga som er fulle. Hyrdane på Betlehemsmarka. Englesongen og barnet i krybba.

Når Matteus skal skriva om det store mysteriet, har han eit anna perspektiv. Han nemner ikkje vandringa til Betlehem, dei fullbooka herberga, hyrdane, englesongen og krybba. I staden ser han bakover til ein over 600 år gamal profeti frå profeten Jesaja. Her finn han årsaka til, og poenget med juleforteljinga.

Alt dette hende så det skulle oppfyllest, det Herren har tala gjennom profeten:
*Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son,
og dei skal gje han namnet Immanuel
- det tyder: Gud med oss.*

Jul er måten Gud fortel at Han er ein gud som er med oss i alle livets fasar, utfordringar og gleder. Ikkje ein fråverande gud. Ikkje ein likegyldig gud. Ikkje ein gud som er mot oss og ute etter oss. Han er ein Gud som vil gå med oss og som elsker oss og som er vår frelsar. Når me lukkast og når me mislukkast. Han ber namnet Immanuel. Òg i motgang er Gud med. Difor vart han fødd som ein av oss.

Dette teiknet frå Gud hende i den delen av verda som i desse dagar er prega av ein forferdeleg konflikt mellom Israel og Gaza. Lidingane er større enn me kan fatta. Når dette vert skrive, kjenner me ikkje utfallet, men me ser dei ufattelege lidingane på begge sider. Men me veit at Gud vil gå med oss. Han ser til kvart menneske som lid uavhengig av nasjonalitet, etnisitet, tru og alder. Under alle djup er Gud.

«Gud med oss!» For mange vekker framleis orda vonde minner. Nazistane brukte dei til å



legitimera sine brutale handlingar under 2. verdskrigen. Men slik skal ikkje Guds namn brukast til å forsvara det som er imot Guds vilje. «Gud med oss» må ikkje få den konsekvensen at me vender oss mot kvarandre, men at me snur oss 180 grader og behandlar kvarandre som medmenneske. Trur me på ein Gud som er med oss, må me sjå på alle menneske som våre medmenneske.

Jul er difor tida for både undringa

over det store underet, og for å vise medmenneskelegheit med dei som lid.

Dei siste orda i Matteusevangeliet, grip tilbake til det namnet Jesus ber, Immanuel. No er dei ikkje sagt av profeten, men av han som vart fødd julenatt: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Velsigna jul.

Stein Reinertsen

Biskop i Agder og Telemark



www.flatdalhandlaft.no



3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661

Gudsteneste med skriftemål og nattverd



Velkomen til gudsteneste med skriftemål og nattverd i Åmotsdal 14. februar, Seljord 25. februar og Flatdal 03. mars.

Veit du at kyrkja vår har ein eigen liturgi for gudsteneste med skriftemål? Dette er sjølvsagt ikkje ein gudsteneste der kvar einskild kommer med sine private skriftemål medan andre høyrer på. Til skilnad frå det private skriftemålet – det som blir gjennomført under fire auge – gjer ein skriftemålgudsteneste seg bruk av det som gjerne vert kalla eit alminneleg skriftemål.

Korleis går så dette føre seg?

Det heile skjer i ein enkel og kort gudsteneste.

Sjølve skriftemålet går føre seg slik: Liturgen les ein omfattande syndevedkjenning – deretter er det kort stille for den einskilde si personlege vedkjenning i hjarta – etter dette les

alle høgt ein felles syndevedkjenning – formulert på førehand i kyrkja si altarbok.

På bakgrunn av syndevedkjenning kan dei som ønskjer det så kome fram til altaret og knele. Liturgen legg så handa på hovudet til den einskilde, og les syndsforlatinga, også kalt absolusjonen.

Gudstenesta held etter dette fram med nattverd, og vert avslutta med Herrens bøn, salme og velsigninga.

Mange vert engstelege når dei høyrer ordet skriftemål. Til dette kan seiast at denne forma for skriftemål er i utgangspunktet ufarleg – ingen skal brette ut sitt indre for open scene.

Absolusjonen – den personlege handspålegginga og tilsegn om tilgjeving – er ei mykje konkret og god hjelp til å tru syndstilgjevinga.

Martin Luther seier det slik, i si vesle katekisme:

«Skriftemålet fell i to. Fyrst sannar vi syndene våre, og så tek vi imot syndsforlating. Vi tek imot som frå Gud sjølv, og trur fullt og fast at syndene våre då er tilgjevne hjå Gud i himmelen.»

Velkomen til gudsteneste med skriftemål og nattverd i kyrkjene våre, etter denne planen:

- Åmotsdal kyrkje onsdag 14. februar kl 19.00 (oskeonsdag)
- Seljord kyrkje søndag 25. februar kl 19.00
- Flatdal kyrkje søndag 03. mars kl 19.00

Alle desse messene skal vere i fastetida – difor er det naturleg at me gjev takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

DHU



Bli ein Landstadven!

Nasjonalt Landstadsenter er ei vidareføring av Landstadinstituttet, som Sigurd Telnes grunnla for ein del år sidan.

Landstadsenteret arbeider for å få gjeve ut så mykje som råd av Landstad sine etterlatne skrifter. På Universitetsbiblioteket ligg det mange tusen handskrivne sider frå Magnus Brostrup Landstads hand. Me er godt i gang med å gje ut desse skriftene for det har no kome ut seks store bind med Landstads skrifter. Det er både segner, folkeviser, salmar og prosa som han har skrive. I det siste bindet handlar det om Landstad sin kamp for å bevare gamle kyrkjer. Nokre kampar tapte han slik som strevet hans mot riving av Nesland kyrkje, men det var også nokre kampar som vart vunne. Det siste var tilfelle med Gamle Aker kyrkje frå slutten av 1000-talet.

Desse bøkene er gjevne ut på Novus forlag og kan tingast rett frå forlaget eller gjennom din lokale bokhandel.

Det du blir invitert til no er å bli med i Landstads venner. Me har bruk for folk som støttar arbeidet vårt med å gje ut bøker og arrangere kurs og foredrag. Det er lite pengar å få til rein drift av ein slik foreining, så derfor ber me dykk om hjelp. De kan bli medlem i venneforeninga for kr 300,- pr år. Då får de informasjon om arbeidet vårt og som velkomst får de eit særtrykk av diktet »Et sognebud« med illustrasjonar av Borghild Telnes og eit hefte med Borgny Svalastog sin kunst som er inspirert av Landstadtekstar.

Det er enkelt å melde seg inn. Du kan vippse kr 300,- til nr 123796. Skriv Landstadven, så er du medlem. Har du ikkje vipps, kan eg ta imot kontanter, og ordne medlemskap på den måten.

La oss gå saman om å gjera Landstad sitt arbeid kjent!

Bergit Lisleåsheim Telnes

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker



Stor kyrkjesundag i Seljord



Sundag 15. oktober 2023 hadde me ein stor kyrkjesundag i Seljord. Tre store hendingar i kyrkja denne dagen:

Me hadde samling av gullkonfirmantar
Me hadde dåp av to born
Me feira gudsteneste som Jazzmesse

Kyrkja var full, både oppe og nede.

Etter messa var det eiga samling med gullkonfirmantane på Seljord Misjonshus.

På biletet kan du sjå flokken som var samla til gullkonfirmantsamling i Seljord 15. oktober.

DHU



Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | post@seljordvarme.no

Åsgårdsreia

I dette vesle stykket skal eg fortelje litt om kva ein særleg må passe seg for i desse førjols-tider. Då er Åsgårdsreia svært viktig å vera merksam på.

M.B.Landstad, som var prest både i Kviteseid og Seljord i 1830- og 40- åra, skreiv ned fleire historiar om Åsgårdsreia. Det kan ein lesa i **Landstads skrifter bind 1** som handlar om segner. Åsgårdsreia var eit følgje av trollpakk, både kvinner og menn som rei på hestar oppe på himmelen. Dei var ofte ute i tida før jol, og dei ville fange menneskje. Dersom ein var ute etter vegen seint på kvelden, kunne ein risikere å møte på denne gjengen. Leiaren deira var ei som heitte Guro Rysjerova. Landstad fortel om forskjellige tilfelle der Åsgårdsreia har vist seg. Her skal de få eit par av desse historiane:

Harald Paus frå Skarkevju

Mannen med dette namnet hadde vore på vitjing til Verpe i Øvre Bø. Det blei seint på kvelden før han la på heimveg over den store furumoen som heiter Herremo. Brått hørde han eit fælt bråk i lufti over seg og der kom Åsgårdsreia ridane med bulder og brak. Harald var ikkje skvetten av seg, så han vart ståande og sjå på dei. Dei rei forbi han med Guro fremst i flokken, og dei spytta etter han og sa Tvi, tvi! Når ein såg dei frå framsida, såg dei bra ut, men bakfrå var dei holer som ospetrøg.

Til slutt kom eit rart opptog. Det var ein som sat i eit trøg og vrikka og skubba på seg for å koma framover. Han heitte Tykje i Trøget. Så var der ein som køyrde med ei halt høne. Han ropte: "Pinke på, pinke på, me skal til Rom i kveld."

Då kunne ikkje Harald dy seg lengre: "*Du må skunde deg då, skal du rekkje fram før det dagast.*"

Men då fekk han dei etter seg, heile rekkja med trollpakk. Han sprang det han kunne og kom tilbake til Verpe. Då var han så forskrekka at dei fekk han ikkje i tale på lang tid. Men han berga i alle fall livet. Den neste eg skal fortelje om heldt det nesten på å gå gale med. Høyr berre her:

Mannen frå Natadal

Ein mann frå Natadal hadde vore i Hjartdal og la på heimveg seint på kvelden. Då han kom inn i Ambjønndalen hørde han eit fælt bråk i lufta over seg. Det var Åsgårdsreia som kom med bråk og skrammel. Då han var like ved Blengsdalen kunne høyre kva dei sa og at dei var sinte; Guro sitt fylgje ville ha tak i menneskje. Ho svara at dei fekk vente til dei kom til Natadal, for der var det "Fredagsbaka brau og sundagsraka høy".

Mannen vart forskrekka då han hørde dette sagt om sin eigen gard. No var Åsgårdsreia så nære at det ikkje nytta å røme frå dei. Han gjekk difor ut av vegen og kasta seg ned på marka slik at han forma ein kross med kroppen sin. Då blei trollpakket redde og svinga utanom. Mannen la på sprang og kom heim til Natadal. Då var han ikkje sein om å måle tjørुकrossar både over gardsleet og over alle dørene på garden. Slik berga folket på Natadal seg for Åsgårdsreia den gongen.

Forklaringa på Fredagsbaka brau og sundagsraka høy var at fredag var fastedag frå gamalt av. Då måtte ein ikkje gjera noko larmande, rullande eller svingande arbeid som til dømes å bake brau. På sundagen skulle ein kvile, og slett ikkje rake høy.

Bergit Lisleåsheim Telnes

Endringar i staben

Til årsskiftet går to medarbeidarar i Seljord sokn av med pensjon. Jon Svartdal har jobba som kyrkjevevjerje i Seljord sidan år 2000, det siste halvanna året har han jobba som assisterande kyrkjevevjerje i 50%. Den andre som sluttar til nyttår er Ivar

Øygarden. Ivar har jobba som kyrkjjetenar i full stilling sidan 2011.

Vi takkar Jon og Ivar for lang og trufast teneste i kyrkja!

Petter Jakobsen, Kyrkjevevjerje

Feiring av Taraldsdag måndag 12. februar 2024

I moderne tid har seljordingane markert denne dagen på ulikt vis i over 20 år. Også i år blir det feiring på brei basis.

Me samlast først ved Seljord kyrkje. Det blir prosesjon med faklar til staden der Taraldskyrkja stod. Etter ein kort seremoni der, blir det ei liturgisk samling inne i Olavskyrkja.

Del 2 av arrangementet er samkome på Øvre Klomset hos Mona og Svein Kjetil. Der er me inviterte inn til kaffi og kake. Det er ikkje tilfeldig at me har lagt noko av feiringa dit, for eitt av breva som er datert med Taraldsdag er skrive på Øvre Klomset i 1586.

I fjor hadde me eit svært vellukka kveldssete på Øvre Klomset i samband med Taraldsdagen, så me vil ta opp att suksessen.

I skrivande stund er ikkje programmet heilt klart, men me finn nok på noko morosamt som me kan samle oss om på Klomset.

Dette blir eit kveldsarrangement, så fylg med i VTB og på kyrkja sine nettsider for rett klokkeslett.

Seljord sokneråd og Seljord sogelag samarbeider om dette arrangementet og ynskjer alle hjarteleg velkomne!

Nytt sokneråd

26. oktober hadde soknerådet for dei neste fire åra sitt konstituerande møte. Leiar og nestleiar veljast for eit år av gongen, og Kristian Espeland frå Seljord vart valt til leiar og Agnes Byberg Skårnes frå Flatdal vart valt til nestleiar. Andre faste medlemmar av rådet er: Bergit Lisleåsheim Telnes, Svanhild Rui Gustavsen, Torunn Raftenvold Rue, Bjørg Oseid Kleivi, Mona Helen Haugan og Lars Geving. Varamedlemmar er: Reidun Øverland, Inger Marie Espeland, Margit Nordstoga Aasan, Haldis Lien Hølland og Øyvind Gletne.

I tillegg er soknepresten fast medlem av rådet, varaordførar Carina Thorvaldsen er valt som kommunen sin representant og kyrkjevevjerja er sekretær for rådet.

Soknerådet møtast om lag ein gong i månaden og har eit breitt ansvarsområde som spenner seg frå arrangementskomitear, gudstenesteliv og trusopplæring til økonomi og forvaltning.

Petter Jakobsen, Kyrkjevevjerje

Diakoni i praksis i seljord



Bibelforteljing om skapinga

Inkluderande fellesskap og nestekjærleik er å møtast og vera saman. Seljord frivilligsentral har blitt den nye samlingsplassen på tvers av nasjonalitet og tru og livssyn. Vi inviterer til Babysong og småbarnstrall for barn 0-5 år. Regler og barnesongar hentast fram og vi syng med den stemma vi har! 9-10 barn med syngande mødre på golvet ein times tid, før vi et lunsj. Alt er gratis.

Vi er heldige som har Heidi på kjøkkenet som serverer nybakke rundstykke og nysteikte vaflar. Vi håpar å få til kor for born frå 4 år og oppover. Song og musikk er godt for helsa uansett alder, derfor må vi henta fram musikk- og songskattane. Hjarteleg velkommen til frivilligsentralen kl. 11:00 – 13:00 på desse onsdagane: 17. januar, 7. februar, 13. mars, 10. april, 8. mai og 29. mai.

Diakoni og trusopplæring – hand i hand på tysdagsklubben!

Bibelforteljing, formingsaktivitet, song og middag for barn og vaksne er fast program. Det er plass til fleire i barnehage- og skule-alder, så velkommen til godt fellesskap på Misjonshuset kl. 16:30 – 18:00 på desse tysdagane: 16. januar, 6. februar, 12. mars, 9. april og 21. mai.

Karnevalsmesse søndag 11. februar kl.

11.00. Gudsteneste med kyrkjebollar og saft og kaffi på Misjonshuset. Utkledd eller ikkje, velkomen er du!

Ingunn L



Advent på Nes bedehus



Nes bedehus i vinterbunda

Tradisjonen tru skal det også i år vere adventsmesse på Nes bedehus på Garvikstrondi i Seljord. Messa blir på 3. sundag i advent – sundag 17. desember kl 11.,00.

Etter messa skal det vere servering og sosialt samvær kring borda, og i løpet av dette samværet vil det bli eit aldri så lite folkemusikalsk program, der mellom anna slåtten Jol i Trollebotn vil bli framført. Ragnar Haugstøl og Kjetil Bergheim vil ha ansvaret for dette programmet.

Bileta syner Nes bedehus i vinterbunad, og glimt frå messa eit tidlegare år.

DHU



Kaffekos kring bordet på Nes bedehus

Hundreårsjubileum for kyrkja på Møsstrond



Sundag 24. september fekk eg vera med og feire at kyrkja på Møsstrond var 100 år. Dette er den soknekyrkja i Noreg som ligg høgast med sine 950 m. o. h. Sidan delar av Møsstrond hørde til Seljord heilt til 1859, synes eg det passar å skrive litt om denne kyrkja og jubileet i Helg og Høgtid.

Møsstrond var delt mellom tre kommunar i høve til det kyrkjelege arbeidet. Dette var kommunane Tinn, Seljord og Vinje. Såleis var det dit Magnus Brostrup Landstad drog i soknebod til ei fattig enke. Denne reisa og opplevinga hans av det elendet som møtte han hjå den døydande har han skrive om i diktet «Et sognebud».

På Møsstrond stod det ei kyrkje som vart

sett opp i 1850, men den brann etter eit lynnedslag sommaren 1918. I september 1923 blei den nye kyrkja vigsla, og i 1927 vart ho utsmykka av kunstnaren og treskjeraren Sveinung Svalastog.

Sundag 24. september 2023 vart me henta med båt på Varland. Alle som ville til messe blei frakta gratis over til øya Hovden der kyrkja ligg. Den unge jenta som køyrde båten hadde pynta seg med bunad, for dette var verkeleg ein festdag.

På messa var både prestar, prost og biskop til stades. Inger Lien frå Møsstrond song mellom anna ein salme som biskop Bernt Støylen skreiv då han hadde vore på Møsstrond og sett korleis det såg ut etter

brannen i 1918. Salmen står på nummer 4 i Nynorsk salmebok frå 1925. Det første verset lyder så:

*Herrens hus hev ei sin like
I alle heimsens land og rike.
Det aldri siga kan i grus.
Fiend aldri kan det herja
For Herren sjølv er vakt og verja
For heilagdomens høge hus.
Det stend so trygt og fritt
Det lyser vent og vidt
Yver verdi som vardeeld
På høge fjell
For alle folk til livsens kveld.*

Etter messa var det suppe, kaffi og kaker på skulen. Eg kjente meg heldig som fekk vera med på denne jubileumsfeiringa. Tilfeldig vis var eg med på 50-årsjubileet også. Då var eg 13 år og var saman med familien min på kyrkjelydstur frå Seljord til Møsstrond.

Bergit Lisleåsheim Telnes



BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERARER**

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt



Østlandets
største
utstilling
og beste priser

150 steiner
i utstilling
1-4 ukers
leveringstid

Steinverksted på Notodden

www.notoddenbegravelse.no
Ingar Faane
350 12 155

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



Morgedal Rør as

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

KLÆR

T. TVEITAN AS

**INTERIØR-
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Slekters gang

Døpte

Seljord

Markus Noraberg
Njål Eiesland Børve
Tov Moen Storbekken
Leo Kvålo Nilsen

Døde

Seljord

Johnny Jamgrav
Solrunn Støyle
Jytte Sveinsson
Gerd Eilefstjønn

Flatdal

Trygve Aasan

Åmotsdal

Torstein O Groven
Halvor Groven

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for gåva til som blei gjeven ved Helge Skoland si gravferd.

Seljord Røde Kors



**ØVRE TELEMARKE
BEGRAVELSESBYRÅ**

Trygt, omsorgsfullt og verdig

Inger Kjellfrid Brekke Tlf. 466 90 000
post@telemarkbegravelse.no

Telemark Vokal i Seljord kyrkje

Laurdag 27. januar kl 19.00 blir det ein spennande konsert i Seljord kyrkje. Telemark Vokal har sidan debutkonserten i 2017 levert mange konsertopplevingar på eit høgt kunstnerisk nivå, og er det einaste profesjonelle vokalensemblet i Telemark fylke.

Ensemblet består av fem profesjonelle songarar: Anne Lise Sydnes (sopran), Kari Lise Høgseth (mezzo sopran), Silje Vatne Heggem (mezzo sopran), Alexander Cadden (tenor) og Arild Bakke (bass). Alle er busett i eller med tilknytning til Telemark, og alle har erfaring frå profesjonelle ensemble både i Norge, England og andre stader i verda.

På denne konserten får røystene klinga åleine, i eit program med a cappella- musikk i hovudsak frå 15- og 1600 talet. Dette repertoaret består av både kjærleik-, sørgesongar og salmer, mykje med tett tilknytning til folkemusikken i dei landa musikken kjem frå. I programmet har dei også tatt med nokre gamle norske folketonar.

KB

Formiddagstreff våren 2024

Misjonshuset Seljord: Siste fredag i månaden kl. 11.00 -13.00

26. januar, 23. februar, 22. mars, 26. april, 31. mai.

Treng du skyss, kontakt: tlf.95132489.

Steinmoen, Åmotsdal : Fredag 15. mars kl. 11.00-13.00

Formiddagstreff Sion, Flatdal samarbeid med Den Norske Kyrkja:

Tysdag kl. 11.00-13.00

13. februar, 12. mars, 16. april, 14. mai.

Andakt, allsong, formiddagsmat, Åresal.

Velkomen er du!



TRENG DU NOKON Å SNAKKA MED?

Ein lyttar? Forbøn? Tilbodet er gratis og vi har teieplikt.

Ynskjer du samtale eller nattverd heime, ta kontakt.

Sokneprest Dag Harald Undheim

tlf: 907 78 921, e-post: dag.harald@seljordkyrkje.no

Diakon/trusopplærar Ingunn Liseter

tlf: 976 82 694, e-post: ingunn@seljordkyrkje.no



DEN NORSKE KYRKJA

Seljord kyrkjelyd

Takk for meg

Etter 23 år som kyrkjevevjerje i Seljord er det på tide at eg takkar for meg og blir pensjonist frå 01.01.2024. Eg føler at eg har vore heldig som har fått- og hatt- denne jobben som dagleg leiar i den lokale kyrkja, for eg hadde ikkje så mykje utdanning, berre to årig studium i økonomi og administrasjon ved Høgskulen i Telemark. Og eg var ikkje eingong ferdig med den utdanninga som eg tok ved sida av full jobb som vaktmeister på Granvin Kulturhus, då eg blei spurt om å gå inn i eit vikariat etter Esbjørn Hummelgård. Då Esbjørn etter eitt år i permisjon ikkje kom tilbake i jobben blei eg spurt om eg ville ha den fast, og det tilbodet tok eg imot med baa hender. Det var ei bratt læringskurve og ei utfordring for ein anti-byråkrat å starte i ein byråkratisk jobb, men eg prøva å lære meg det eg måtte kunna, og prøva å gjera det eg måtte gjera på enklast mogeleg vis. I denne jobben, som i alle andre jobbar, så blei det stadig meir å gjera med formalitetar gjennom desse 23 åra.

Men no må eg korrigere meg sjølv, for eg har berre vore kyrkjevevjerje i 22 år, for eg blei assisterande kyrkjevevjerje i eit vikariat frå 01.07.2022 då eg nådde pensjonsalder, og Petter Jakobsen overtok jobben som kyrkjevevjerje. Og eg har heller ikkje vore kyrkjevevjerje i 22 år, for eg hadde permisjon i vel eitt år då eg var ordførar i to år. Eg skulle eigentleg hatt permisjon i heile dei to åra, men vi fekk ikkje tak i vikar i meir enn vel eitt år, så eg måtte halde hjula i gang med betaling av rekningar og gravuttak med

registrering av gravleggingar ved sida av politikken i nesten eitt år. Ein skulle tru at i ein kontorjobb der ein høgst kan skjera seg på eit papir, er det liten sjanse for slå seg i hel, men eg greidde nesten det då eg datt ned frå ein stige ved kyrkja i Seljord og sprekte skallen. Eg blei svimmel eit par-tre år, i tillegg til at eg knekte ribbein, punkterte ei lunge, og knekte tre knaggar på ryggrada. Men eg datt heldigvis ned på rett side av kyrkjegardsmuren. Styret fekk ikkje tak i vikar dei fem vekene eg var heilt sjukemeld, så eg måtte halde hjula i gang med tilvising av rekningar. Eg har trivst i jobben som kyrkjevevjerje, og no sist assisterande kyrkjevevjerje. Men i alle jobbar eg har hatt har det vore plunder og frustrasjonar, slik det er i livet totalt sett. Men eg har aldri grua meg til å gå på jobb. Dei 23 åra eg har vore tilsett i Seljord kyrkjelege fellelsråd, og i Seljord sokn, har vore gjevande. Men det blir rart å bli pensjonist, det blir godt å bli pensjonist, eg har ikkje tid til å jobbe lenger. Det viktigaste no blir å prøve å halde meg frisk, slik at eg kan gjera det eg har lyst til å gjera, før eg blir resirkulert. Eg veit kvar kroppen min skal leggst. Men det blir spennande for meg om den identiteten som har sett desse orda du les no på prent kjem til å eksistere vidare i ei anna form, slik kyrkja lærer. Eg kviler i det sterke, berande håpet, fordi det er logisk, dersom vi stiller relevante spørsmål i logisk rekkefylgje. Takk for at de kunne bruke meg så lenge til noko eg lika.

Kyrkjevevjerje emeritus Jon Svartdal



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billetter på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nygveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no

Jol i kyrkja 2023



Advent og jol er kyrkjetid. Me vil ønskje deg velkomen til desse samlingane i kyrkjene våre:

- | | |
|---|---|
| 03. desember kl 11.00: Adventsmesse i Flatdal kyrkje | 24. desember kl 15.00: Jolegudsteneste i Seljord kyrkje |
| 03. desember kl 17.00: Ljosmesse i Åmotsdal kyrkje | 24. desember kl 16.00: Jolegudsteneste i Seljord kyrkje |
| 10. desember kl 19.00: Ljosmesse i Seljord kyrkje | 25. desember kl 12.00: Høgtidsmesse i Seljord kyrkje |
| 17. desember kl 11.00: Adventsmesse på Nes bedehus | 28. desember kl 17.00: Jolegudsteneste i Åmotsdal kyrkje |
| 24. desember kl 13.00: Jolegudsteneste i Åmotsdal kyrkje | 31. desember kl 16.00: Messe når året vender |
| 24. desember kl 15.00: Jolegudsteneste i Flatdal kyrkje | 07. januar kl 17.00: Messe og jolefest i Manndal kapell |

På adventsmessene i Flatdal og Åmotsdal vil det vere utdeling av jolehelsing til 5 og 6 åringar.

Velkomen til kyrkje advent og jol 2023.

DHU

Joleftan i Åmotsdal kyrkje



I år skal me ha gudsteneste joleftan i Åmotsdal kyrkje. Ei slik messe har lenge vore eit sakn.

Messa skal byrje kl 13,00, og den skal ha same innhald som i Flatdal og Seljord kyrkjer. Det blir song av kjende jolesongar, og lesing og preike knytt til joleevangeliet.

Kjetil Bergheim vil vere organist, og Dag Harald Undheim liturg.

Alle er velkomne – born og vaksne, unge og eldre.

DHU

Gudstenester

1.s.i adventstida – 03. des

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Familiemesse
Offer: Trusopplæringa

1.s.i adventstida – 03. des

Åmotsdal kyrkje kl. 17.00
Ljosmesse
Offer: Trusopplæringa

2.s.i adventstida – 10. des

Seljord kyrkje kl. 19.00
Ljosmesse
Offer: Kirkens bymisjon i Telemark

3.s.i adventstida – 17. des

Nes bedehus kl. 11.00
Adventsmesse
Offer: Nes bedehus

4.s.i adventstida/joleftan – 24. des

Åmotsdal kyrkje kl. 13.00
Flatdal kyrkje kl. 15.00
Seljord kyrkje kl. 15.00
Seljord kyrkje kl. 16.00
Offer: Kirkens nødhjelp

1. joledag – 25. des

Seljord kyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

4. joledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje kl. 17.00
Familiemesse
Offer: Betel og kyrkja
Jolefest på Grendehuset etter messa

Nyårseftan – 31. des

Seljord kyrkje kl. 16.00
Når året vender
Offer: Kirkens SOS i Telemark

Kristi openberring – 07. jan

Mannal kapell kl. 17.00
Familiemesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet
Jolefest etter messa

2.s.i. openberring – 14. jan

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

3.s.i. openberring – 21. jan

Åmotsdal kl. 11.00
Høgmesse på grendehuset

Såmannssundag – 28. jan

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Kristi forklåring – 04. febr

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Fastelavnssøndag – 11. febr

Karnevalsmesse på Misjonshuset
Offer: Tysdagsklubben

Taraldsmesse – 12. febr

Seljord kyrkje kl. 18.00
Samling på Øvre Klomset etter messa.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Oskeonsdag – 14. febr

Åmotsdal kyrkje kl. 19.00
Fastemesse med skriftemål
og nattverd.
Offer: Kirkens Nødhjelp

2.s.i faste – 25. febr

Seljord kyrkje kl. 19.00
Fastemesse med skriftemål
og nattverd.
Offer: Kirkens Nødhjelp

3.s.i faste – 03. mars

Flatdal kyrkje kl. 19.00
Fastemesse med skriftemål
og nattverd.
Offer: Kirkens Nødhjelp

4.s.i faste – 10. mars

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Maria bodskapsdag – 17. mars

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Palmesøndag – 24. mars

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Skjertorsdag – 28. mars

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Skjertorsdag – 28. mars

Nutheim kapell kl. 19.00
Nattverdmesse
Offer: Ungdomsarbeidet

Langfredag – 29. mars

Seljord kyrkje kl. 11.00
Pasjonsmesse

1. påskedag – 31. mars

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgtidsmesse

1. påskedag – 31. mars

Svartdal kapell kl. 15.00
Påskedagsgudsteneste

2.s.i påsketida – 07. april

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

3.s.i påsketida – 14. april

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

4.s.i påsketida – 21. april

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Tårnagentgudsteneste
Offer: Trusopplæringa

5.s.i påsketida – 28. april

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

6.s.i påsketida – 05. mai

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Søndag før pinse – 12. mai

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

Grunnlovssdag – 17. mai

Seljord kyrkje kl. 10.30
Flatdal kyrkje kl. 12.00
Åmotsdal kyrkje kl. 14.30

1. pinsedag – 19. juni

Seljord kyrkje kl. 11.00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

Treeiningssundag – 26. mai

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

2.s.i treeiningstida – 2. juni

Flatdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse

3.s.i treeiningstida – 9. juni

Seljord kyrkje kl. 11.00
Samtalegudsteneste

4.s.i treeiningstida – 16. juni

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00
Folkemusikkmesse

Endringar kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Mannal kapell

